

## Tambarskjelvar IL – Styremøte 6/2021

Stad: Møterommet til Tambar eller eit klasserom

Tid: 1830-1930

Eikefjord IL kjem på vitjing kl 1930 for å høyre om vår erfaring med Allidrett.

Til stades: Borgny (trimgruppa), Jan Magne (friidrett), Anne Karin (styret), Bjørn-Ole (fotball), Sven (fotball), Åsmund (ski-og orienteringsgruppa), Eigil (allidrett), Anne Sofie (styret), Pål-Arve (styret), Sigrid (styret), Ove (vektløftargruppa), Steffen (sykkel- og triatlongruppa), Siss-May (styret).

Saksnr	Saksopplysning	Ansvarleg	Diskusjon/Vedtak
20/201	Årshjul. Promotering av Tambarskjelvar IL. Oppdatert kontaktinformasjon og tilbod frå kvar gruppe for internett.	Siss-May/Sigrid	<p>Sigrid informerte om at vi ynskjer å promotere idrettslaget, både ved oppdatert og meir heilskapleg webside, og i form av eit flygeblad for å informere om tilboda i Tambarskjelvar.</p> <p>Vi oppfordrar gruppene til å kome med forbettringsforslag i høve nettsidene våre. Sigrid tek kontakt med kvar gruppe og får kontaktperson. Rein Design vil så ta kontakt i høve flygebladet.</p> <p>Siss-May ordnar med tilgang til alle gruppene på Tambarskjelvar IL si heimeside.</p>
21/2021	Open Hall jan/febr 2022. Kople til Naustdalshallen 20 år (i 2020)	Siss-May	<p>Gruppene er positive til å delta på ein slik dag. Naustdalshallen og Vektløftarhallen er reservert 5 februar. Styret kallar inn til møte med gruppene for å planlegge dagen. Tenk på forslag til aktivitetar, innleigde krefter (inspirasjonsforedrag, trenarar kommunen, ildsjeler for hallen osv), matservering. Forslag om at invitasjon vert utforma av Rein Design.</p>
22/2021	Avtalen med Sport 1 – klubbkle	Pål-Arve	<p>A-laget har henta ut draktsett på sign-on-bonus etter avtale med styret hjå Sport1, i tillegg til overtrekksdrakter. Styret stiller spørsmål ved om det var riktig at A-laget henta ut overtrekksdrakter (var ikkje avtalt).</p> <p>Vi ber gruppene vurdere om trenarar som er «faste» over lengre tid bør få ei overtrekksjakke, t-skjorte el. Styret kan samordne bestilling for å oppnå gunstigare pris.</p>

23/2021	Økonomisk støtte til å bygginga av ballbana på Øyra Løken, sjå vedlegg	Åsmund	Fotball og hovudstyret vil gi økonomisk støtte som tidlegare handsama, og ser på fordeling av kostnadane seg imellom.
24/2021	Sunnfjord Triatlon 2022 – Satsar vi?	Siss-May	Vi inviterer inn til eit eige møte med styret, gruppeleiarane og dei som tidlegare har vore med i arrangementskomiteen for Sunnfjord triatlon.
25/2021	Fotballgruppa ynskjer hjertestartar ved kiosken i Vektløftarhallen	Sven	Fotballgruppa vil ha enklare tilgang til hjertestartar. Ynskjer medfinansiering. Vektløftargruppa og Hovudlaget kan få søknad om medfinansiering. Hjertestarteren i bua vert drifta av Røde kors – vi anbefalar liknande modell for ny hjertestartar, ta kontakt med Torgeir Herstad. Plassering bør vurderast (kjøkkeninngang vektløftarhallen eller ute i isolert kasse).  Tambarskjelvar IL/gruppene bør tilby førstehjelpskurs ein gong per år.
26/2021	Ski- og orienteringsgruppa ynskjer å ta opp: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Opplaget for barneidretten/idrettsskulen</li> <li>- Utvikling av skianlegget</li> <li>- Drift og utvikling av Øyra Løken nærmiljøanlegg</li> </ul>	Åsmund	Allidrett: Forslag om å gi tilbud om fleire aktivitetar for barneidretten/idrettsskulen samstundes – t.d. på Øyra/Løken. Dette bør drøftast i årshjul for sesongen 2022/2023.  Skianlegget er eigd av kommunen, vert drifta av Instedalen skianlegg as (Instedalen krins og Tambarskjelvar). Skianlegget er no ferdig utbygd. Bestilt ny Skjeldalfres. Må bygge lager. Ynskjer å forbetre trasè til sykkel. Dugnad er vanskeleg å løyse. Har ein draum om ein aktivitetspark på sikt for bruk sommarstid. Åsmund ynskjer avløyning på leiarvervet i Skianlegget. Vi må arbeide med overlapp i høve dette vervet. Det er anbefalt at styret i Tambarskjelvar at Instedalen skianlegg får på plass ei valnemd (ein person frå kvar av eigarane).  Drift og utvikling av Øyra-Løken. Dette vart handsama på Årsmøte 2021. Åsmund ber Tambarskjelvar vurdere kva rolle idrettslaget skal ha i dette anlegget framover.
27/2021	Allidretten ynskjer å ta opp	Eigil	Trimgruppa tek opp ombygging av skap og gir tilbakemelding til Allidretten.

	<p>Bygging av lagerplass til modulane til minste gruppa i barneidretten:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utforming</li> <li>- Prisestimat</li> <li>- Finansiering</li> <li>- Utføring av arbeidet</li> </ul> <p>Ei sak også kanskje lageret i hallen og korleis få det meir funksjonelt?</p>		<p>Styret ynskjer eit grovt kostnadsoverslag i høve finansiering.</p> <p>Det er semje om å få lageret i hallen inndelt slik at det vert meir funksjonelt. Styret ser på dette.</p>
	<p>Vitjing av Eikefjorden IL, som vurderer oppstart av Allidrett. Tambarskjelvar IL orienterte om oppstart og drift. Vi drøfta fordelar og ulemper med opplegget.</p>		